Læringsverkstedet

ÅRSPLAN 2019-2020

Bratteberg barnehage

Vi får verdens viktigste verdier til å vokse

Barnehagens samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Lov om barnehager 2018 §1. Formål.

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Rammeplan for barnehagen 2017, s. 7.

Formålet med barnehagens årsplan

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barnehagens pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i barnehagelova og i rammeplanen. Rammeplanen peikar på at årsplanen er ein arbeidsreiskap for personalet som skal dokumentere vala og grunngjevingane til barnehagen. Med utgangspunkt i rammeplanen skal barnehagens samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Årsplanens funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omset barnehagelova i praksis, og arbeidar målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet.

Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagens innhald og pedagogiske arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gir kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagens tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagens årsplan er òg eit viktig dokument for eigar og myndigheitenes oppfølging og tilsyn med barnehagen.

Innhald

Velkommen til Læringsverkstedet Bratteberg barnehage....4

Barnehagen vår.... 4

Visjon.... 5

Våre verdiar.... 5

Barnehagen sitt føremål og innhald....6

Læringsverkstedet sitt pedagogiske konsept.... 7

Leikende læring, samspel og meistring.... 8

Læringsverkstedets satsingsområde 8

Barnehagens satsingsområde 2019- 2020 9

Barns medverknad....10

Samarbeid mellom barnehage og foreldre....11

Foreldras medverknad i barnehagens innhald og planar 11

Overgangar....12

Vår pedagogiske verksemd....13

Våre arbeidsmåtar....14

Rammeplanens 7 fagområde = Læringsverkstedets 5 fagtema....15

Barnehagen sitt arbeid med fagområda....16

«Eit godt måltid»....18

Tilrettelegging....19

Bakgrunnsdokumenter....20

Velkommen til Læringsverkstedet Bratteberg barnehage

Vi ser fram til eit nytt og spanande år med fokus på leikande læring, samspel og meistring. Kvar dag har vi hjarte for at kvart enkelt barn skal bli den beste utgåva av seg sjølv.

«*Sjå! Noko som rør på seg!*»

Barnehagen vår

Bratteberg barnehage er ein relativt ny barnehage (bygd i 2010), og held til i naturskjønne omgivnader i Volda kommune. Barnehagen ligg godt gøymd for trafikkstøy og i eit særs barnevenleg område. Vi har ein stor og flott uteleikeplass. I nærområde finn ein både skog, fjell og vatn, naturen sine eigne sanserom.

- Barnehagen eigast i dag av Læringsverkstedet AS. Barnehagen har to avdelingar/basar, ei for 0-3 år og ei for 3-6 år. Vi har også fleire sanserom og gymsal.
- Vi har ope frå klokka 07.00-17.00 måndag til fredag. Barnehagen serverer frukost, lunsj og fruktmåltid. Vi har fokus på eit sunt og variert kosthald og serverer frukt og/eller grønsaker til alle måltid. Barna får varm lunsj ein gong i veka.
- Barnehagen har eigen minibuss, som delast med to andre barnehagar i området. Vi har vår eigen bussjåfør som tar oss med til spennande turmål.

Læringsverkstedet er ei privat barnehagekjede som eig og driv barnehagar i store delar av Noreg. I våre barnehagar får barn eit godt grunnlag for livslang læring – i kunnskap, venskap, tryggleik og glede. Vårt pedagogiske arbeid med barna byggjer på leikande læring, samspel og meistring.

For meir informasjon om Læringsverkstedet og våre barnehagar, sjå heimesida vår:
https://laringsverkstedet.no

Visjon

Vi ser på barna som verdas viktigaste verdiar og det mest verdifulle vi har. Barna er verdas framtid. Vår visjon peikar framover og viser veg for alt av arbeid i Læringsverkstedet:

«VI FÅR VERDAS VIKTIGASTE VERDIAR TIL Å VEKSE»

I våre barnehagar arbeider vi for at alle barn skal få eit best mogleg grunnlag for vidare utvikling, læring og eit godt liv. Vi ynskjer at barna skal vekse i kunnskap og meistring, i tryggleik og empati.

Våre verdiar

Vi skal være **«Leiken og ambisiøs».**
Vi byr på oss sjølve og har det moro. Samtidig har vi klare mål og kraft til å nå dei.

Vi skal være **«Raus og tydeleg».**
Vi har takhøgde og fridom samtidig som vi har rammer og retningslinjer som gjer det trygt å vere raus i møte med barn og foreldre.

Barnehagen bidrar til å danne eit godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking for barna i eit demokratisk samfunn. Å møte individets behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrsle og anerkjenning og å sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskap, er viktige verdiar som skal gjenspeglast i barnehagen. I følgje rammeplanen skal barnehagens verdigrunnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgåande i barnehagens pedagogiske arbeid. Desse er:

- **Demokrati**
- **Mangfald og gjensidig respekt**
- **Likestilling og likeverd**
- **Berekraftig utvikling**
- **Livsmeistring og helse**

Demokrati

Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får moglegheit til å ytre seg, bli høyrt og få ta del i det som finn stad.

Mangfald og gjensidig respekt

Barn skal oppleve at det er mange måtar å tenkje, handle og leve på. Barnehagen skal gi felles erfaringar og gjere synleg verdien av fellesskapet.

Likestilling og likeverd

Barnehagen bidreg i skapinga av barna sine verdiar og haldningar. Vi har fokus på at barn skal møtast som likeverdige individ, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, etnisitet, kultur, sosial status, språk og religion. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering. Kvart barn er eit unikt og verdifullt menneske som skal møtast med respekt og anerkjenning.

Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen skal leggje grunnlaget for barnet si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet.

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal bidra til barnet sin trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigenverd og førebyggje krenkingar og mobbing. Barnehagen skal gje borna utfordringar i eit trygt miljø, og gje born moglegheit til å prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
(kap. 5, s 29, rammeplanen 2017) (Barnehageloven § 1. Formål)
Barnehagen er for dei fleste barn ein arena for omsorg og leik, læring og danning. Dette understrekast i Meld. St. 19 (2015-2016); «Tid for lek og læring» som viser til at barnehagen som det første, frivillige trinnet i utdanningsløpet skal leggje grunnlaget for vidare utdanning og arbeidsliv og dermed for den enkelte sine moglegheiter til å nå sine mål og utvikle sitt potensial.
Læringsverkstedet verdset kontakt og samarbeid med barna sine foreldre. Godt samarbeid og dialog mellom barnehagen og barnet sin heim bidreg til felles forståing for kva som ligg inn under barnehagens samfunnsmandat av oppgåver og ansvar, og kva som er heimen sitt ansvar.

Barnehagen sitt føremål og innhald

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.
Lov om barnehager 2018, §1. Formål, 3. ledd.

Læringsverkstedet sin pedagogikk er vår tolking av innhaldet i rammeplanen og tek vare på føringane i rammeplanen. Kvart barn er eit unikt og verdifullt menneske som skal møtast med respekt og anerkjenning.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til borna.
Rammeplan for barnehagne 2017, s. 19

Kjernekomponentar for innhaldet i barnehagen:

- **Omsorg og leik, læring og danning**
- **Venskap og fellesskap**
- **Kommunikasjon og språk**

Læringsverkstedet sitt pedagogiske konsept

Den norske barnehagetradisjonen byggjer på eit heilskapleg læringssyn. Læringsverkstedet har utvikla eit pedagogisk konsept som tek vare på dette perspektivet. Med **Hjarteprogrammet** og **leikande læring, samspel og meistring,** tek vi vare på barnehagens samfunnsmandat (Lov om barnehager, 2018) og rammeplanens føringar for barnehagens innhald og oppgåver. Omsorg og leik, læring og danning er svært viktige element i grunnlaget for Læringsverkstedet sin pedagogikk. Barn sin eigenverd er kjerna i vårt pedagogiske konsept og sentralt i alt arbeidet vårt.

Kvart enkelt barn er kompetent og har ibuande ressursar som skal få komme til uttrykk og utviklast i barnehagen. Barns eigen nysgjerrigheit og undring legg grunnlaget for livslang læring. Barn skal støttast og oppmuntrast til å utrykkje seg, verte synlege og ha rom for medverknad. For oss handlar det om å gje barn rom, i både i fysisk og psykisk forstand, for å utrykkje seg saman med andre. Kvart enkelt barn skal oppleve å verte sett, høyrd og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne.



Lekende læring, samspill og mestring

Leikende læring, samspel og meistring

Med leikende læring, samspel og meistring skal vi gje barna grunnlag til å utvikle seg, og bli den beste utgåva av seg sjølv. Eit av barndommens særpreg er samspel i leik, der initiativ, fantasi og engasjement vil kunne finne stad. Barn skal få undre seg og stille spørsmål, søke opplevingar og gjere erfaringar på eigne læringsarenaer. Barnehagen skal gje rom for barns ulike perspektiv og opplevingsverder.

Bratteberg barnehage jobbar ut i frå Læringsverkstedet sitt pedagogiske tre, der dei viser særtrekka i pedagogikken, altså å styrke barns eigenverd er kjerna i treet og i alt vårt pedagogiske arbeid. Røtene er fundamentet og blada er våre 5 fagtema. Leik og rørsle er stamma som bær dei 5 fagtema.

«Kunnskap og kompetanse, ferdigheter og holdninger utvikles i samspill med andre, i sosiale, meningsfulle fellesskap hvor barn har mulighet til å uttrykke seg. Leken er barns grunnleggende læringsform og skal ha en fremtredende plass i barnehagen» (meld. St.19(2015-2016) Tid for lek og læring s. 7).

I det pedagogiske arbeidet i barnehagen brukar vi leik som læring, der barna kan leike seg til kunnskap og kompetanse. Dette gjennom matematikk, kreativitet eller fysisk aktivitet i naturen. Leiken gjer læringa morosam, naturleg og lett å meistre. Gjennom leik får barna sosiale ferdigheiter, empati og sjølvkjensler. Dette brukar vi i barnehagen sin kvardag, der dagen er basert på aktive vaksne og tileigning av desse kunnskapane gjennom ulike samlingar i løpet av veka.

Fellesskapet i barnehagen er kanskje barna sin viktigast læringsarena når det gjelder sosiale ferdigheiter, der ein finn løysningar saman, lyttar og forstår andre og kjenner seg trygge på at ein kan uttrykke eigne behov. Personalet i barnehagen skal gje barna trua på seg sjølv og andre. Gleda ved å strekkje seg, kjenne andre og kjenne meistringskjensle er krafta gjennom heile livet.

Det pedagogiske arbeidet i barnehagen blir mellom anna vist gjennom Rammeplanen for barnehagen, 2017. Den seier at den pedagogiske leiaren er gitt ansvaret for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn. Den pedagogiske leiaren skal rettleie og sørgje for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylte gjennom det pedagogiske arbeidet. Den pedagogiske leiaren leier arbeidet med å planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeider i barnegruppa eller innanfor eit områda han/ho er sett til å leie. (R17)

Læringsverkstedets satsingsområde

Relasjonskompetanse: Barns trivsel er den vaksne sitt ansvar, og gode relasjonar er avgjerande i dette samspelet. Vi trur på at gode relasjonar, som ein raud tråd i alt vi gjer, hevar kvaliteten i barnehagen. Det bidrar til å skape eit inkluderande leike- og læringsmiljø.

Kvaliteten på relasjonane og samhandling mellom tilsette og barn er særs viktig for barns tryggleik og utvikling. Å utvikle gode sosiale dugleikar, empati og venskap i barndommen er viktig for å kunne utvikle eit godt sjølvbilde. Gode relasjonar vil igjen få betydning for trivsel, utvikling og læring.

Barnehagens satsingsområde 2019- 2020

- Barnehagens arbeid
    - Læringsverkstedets satsingsområde
    - Lek og bevegelse, lekende læring, barns meistring
    - Samspel (sosial kompetanse)
    - «Et godt måltid»
    - Godt språkmiljø og barns språkutvikling, realfag, kreativitet etc.
    - Prosjekt(er)
    - Kommunens satsingsområde
    - Miljøsmart barnehage
    - Natur/friluftsliv

Meistringskjensle i samspel

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medverknad ved å leggje til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykkje sitt syn på barnehagens daglege verksemd, jmf. barnehagelova §3, grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr. 1.

I Bratteberg barnehage er vi opptatt av at barna skal få medverke der dei kan. Vi vil at barna skal få påverke kvardagen sin ut i frå alder og modning. Synspunkta barna har skal leggjast vekt på og dei skal få uttrykkje ønskjer som dei vaksne skal jobbe vidare med. Vi jobbar kontinuerleg med at dei vaksne skal vere lydhøyre og anerkjennande i kommunikasjonen sin med barna slik at vi kan ivareta medverknaden deira på ein best mogeleg måte.

Barnehagen bidreg i skapinga av barna sine verdiar og haldningar. Vi har fokus på at barn skal møtast som likeverdige individ, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, etnisitet, kultur, sosial status, språk og religion. Vi i barnehagen skal motverke alle formar for diskriminering. Kvart barn er eit unikt og verdifullt menneske som skal møtast med respekt og anerkjenning.

Læringsverkstedet har ein handlingsplan mot mobbing som vi jobbar med gjennom året. Vi har fokus på det psykososiale læringsmiljøet og dei vaksne sine relasjonar til barna. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

I barnehagelova står det at «Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap». (Barnehagelova §1 Formål). Vidare seier Rammeplanen 2017 at barnehagen skal få barna til å kjenne seg verdifulle, få venner og ta del i ein større sosial fellesskap.

Handlingsplanen skal gi kunnskap om mobbing og setje fokus på arbeid som kan verke førebyggjande. Planen er forankra i visjonen vår; «Vi får verdens viktigste verdier til å vokse», og tek føre seg definisjon

av mobbing, tiltak for førebygging og mellom anna kva rolle dei vaksne har i dette viktige arbeidet. Vaksne kan også mobbe barn og kvarandre, gjennom veremåte, ord og handlingar. Personalet har ei viktig oppgåve som gode eksempel, og må vere merksame på korleis dei snakkar til kvarandre og barn, kva som blir sagt og såleis praktisere ein empatisk veremåte. Det er elles viktig at de som foreldre kjenner dykkar rolle i arbeidet mot mobbing, ved å vere merksame på eige barn og ved å gå føre som gode eksempel heime.

Samarbeid mellom barnehage og foreldre

«Vi skal saman skape ein sosial læringsarena som set gode spor «er vårt løfte til foreldra. Foreldresamarbeidet skal alltid ha barnas beste som mål.

Samarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Samarbeidet skal sikre at foreldra får innverknad på barnehagens arbeid med å skape eit heilskapleg omsorgs-, leike- og læringsmiljø for barnegruppa.

Foreldras medverknad i barnehagens innhald og planar

Foreldreråd

Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle borna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Barnehageeigaren skal syte for at viktige saker kjem fram for foreldrerådet og barnehagen sitt samarbeidsutval.

Foreldremedverknad i barnehagen sitt innhald og planar

Bratteberg barnehage sitt viktige arbeid med kvalitet i barnehagen, kjem fram gjennom årsplan, månadsplanar og vekeplanar gjennom året. Gjennom «MyKid» vil foreldra finne dokumentasjon omkring aktivitetar og hendingar som vi gjennomfører med barna. Her får også foreldra eit kvardagsbilete av korleis dagen til barna har vore og kva dei har gjort på i løpet av veka.

Barnehagen tilbyr ein foreldresamtale i halvåret. Gjennom året har vi i tillegg dei daglege samtalane ved levering og henting. Samarbeidet mellom heim og barnehagen er særs viktig for at vi skal kunne gjere ein best mogleg og kvalitativ kvardag til det enkelte barnet

I løpet av året vil vi eksempelvis ha oppstartssamtalar, foreldremøte, foreldrekafè, ulike lunsjar ved høgtider, sommaravslutning og dugnadar.

Dato	Kva
12.08.19, 07.10.19, 02.01.20, 20.03.20 og 22.05.20	Planleggingsdager, totalt fem stk.
04.09.19	Foreldremøte
13.12.19	Luciafeiring

Overgangar

Det å starte i barnehagen skal opplevast som ein god start, både i høve utvikling av tryggleik og tilhøyrsle. Tilvenning, tryggleik og tilhøyrsle er nøkkelord i samband med alle overgangar i løpet av barnehagetida.

Ny i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid, slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn.

Bratteberg barnehage legg til rette for at barna får ein trygg start. Perioden for tilvenning varierer ut i frå kvart barn og deira behov. Vi syter for at barna kan bli kjende, knytte seg til personalet og dei andre barna. Vi legg også til rette kvardagen og rutinane slik at det blir ein enklare overgang for barnet. Kvart barn får ein kontaktperson som har ekstra ansvar for å gi barnet det som trengs for at dei skal føle seg trygge til å utforske, leike og lære, men også ha ein som støttar, oppmuntrar og trøystar. Tett samarbeid mellom foreldre og barnehagen er svært viktig, spesielt den første tida.

Frå småbarn- til storbarnsavdeling

I Læringsverkstedet vil vi leggje til rette for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barn, og personalet når barnet bytter barnegruppe.

Barnehagen er opptatt av å gjere barna kjende og tryggje på dei nye avdelingane sine. Barna får bli betre kjend med personalet og barna der. Det kan vere ein overgang for barna å flytte frå småbarns til storbarnsavdeling. Det er færre vaksne per barn og større avdelingar. Difor besøker vi avdelinga med jamne mellomrom, særleg på vårparten. Der gjennomfører vi ulike aktivitetar, aleine og saman med dei vaksne frå småbarnsavdelinga.

Frå barnehage til skule

For våre «skulestartarar» har vi ein intensjon om å gjere det siste året i barnehagen litt spesielt. Dei skal oppleve den avsluttande tida i barnehagen som spanande, utfordrande og som ei tid der iveren etter å erobre nye kunnskapar skyt fart (rettleiaren «Fra eldst til yngst», 2009).

Gjennom siste barnehageåret har vi ei eiga førskulegruppe. Her trener vi på skuleførebuande oppgåver, bl.a. rekke opp handa, arbeidsro, skrive namnet vårt, bokstavar og ulike omgrep både innan språk og matematikk. Vi legg vekt på at barna skal ha varierte aktivitetar og vil gjerne at barna skal

«leike» inn kunnskap, for eksempel å lage bokstaver med kroppane sine eller lage tall av naturmateriale.

Vi samarbeider med foreldre og skule for å sikre at barna er førebudd på skulestart.

For «skulestartarane» våre har vi ein intensjon om å gjere det siste året i barnehagen litt spesielt. Dei skal oppleve den avsluttande tida i barnehagen som spennande, utfordrande og ei tid der iveren etter å erobre ny kunnskap skyt fart.

Bratteberg barnehage jobbar ut i frå det rammeplanen seier. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og

møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skule- fritidsordninga (R17).

På vårparten får førskulebarna besøke den skulen dei skal begynne på, helse på lærarar, SFO og skulen generelt. Det er viktig at dei ser eit kjent ansikt når dei begynner på skulen. Vi har også eit møte med rektor på skulen for å sikre best mogleg overgang.

Vår pedagogiske verksemd

Planlegging

Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. Barnehagen er forplikta til å grunngje, planlegge, vurdere og dokumentere at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Dokumentasjon

Rammeplanen slår fast at dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet inngår som ein viktig del av barnehagens arbeid. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

Vurdering

Det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå barnehagens planar, barnehagelova og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Pedagogiske evalueringar er grunnlag for vurderingar som vert gjort.

I Bratteberg barnehage har vi eit pedagogisk team som lager planer for barnehageåret utifrå Rammeplanen, barnehagelova og Læringsverkstedet sine retningslinjer og visjon. Det skal sikrast at både enkeltbarn og barnegruppa får kontinuitet og progresjon utifrå deira ståstad. For å lage og utføre gode planer må vi observere barna; kva interesse har dei og kvar er dei i utviklinga. Det er viktig at vi samtaler både med foreldre og barn og reflekterer over arbeidet vårt langs med.

Alle barn skal få erfare å få innflytelse på sin eigen barnehagekvardag. Synspunkta deira skal vektleggast, men også vurderast utifrå alder og behov.

Vi evaluerer og dokumenterer det pedagogiske arbeidet kontinuerleg. Vi legg mellom anna ut blider og tekst ifrå kvardagen på MyKid. Dette er eit nyttig verktøy der foreldre får innblikk i barna sin kvardag. Samstundes kan ein få eit godt utgangspunkt til å snakke om barnehagekvardagen heime ilag med barna. Vi har også møtevirksomheit der vi planleggar og evaluerer.

Våre arbeidsmåtar

Barnehagen nyttar seg av ulike arbeidsmåtar for å ivareta enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.

Prosjektarbeid – tek utgangspunkt i barnas initiativ/interesser, deira undring leier utviklinga av innhaldet og prosessen i prosjektet. Dette er ein måte der barns medverknad kan sjåast som praksis i barnehagen.

Temaarbeid - styrar og pedagogar utarbeidar innhald og prosess i samarbeid med resten av barnehagen sine medarbeidarar.

Repetisjon - repetisjon av kjernestoffet i våre fem fagtema.

Spiralprinsippet – sikrar ein systematisk, heilskapleg og kontinuerleg utvikling av barna sine ferdigheiter, kunnskap og læring innanfor alle fagtema. Sikrar på den måten progresjon.

Digital praksis – bidreg til barna sin leik, kreativitet og læring. Utøve digital dømmekraft og legge til rette for barnas utforsking,

Leikande læring - er ein av våre pedagogiske kjerneverdiar. I leiken er det stort rom for læring; barna får oppleve det kjekt og spanande og får bruke heile kroppen og alle sansane.

Vi inkluderer våre arbeidsmåtar i vårt arbeid gjennom mellom anna; aktiv omgrepslæring, aktive vaksne, interaktive samlingar/grupper og å legge til rette for det fysiske leike,- og læringsmiljøet. Vi bruker varierte metodar for å ta sansane i bruk, til dømes rolleleik, dans og drama, rim og regler, forming, naturopplevingar, motoriske aktivitetar, spel, eventyr/forteljing, song og musikk.

Spennande å spikke..

Rammeplanens 7 fagområde = Læringsverkstedets 5 fagtema

Rammeplanen gjev føringar for eit heilskapleg arbeid som skal sikre alle barn gode utviklings-moglegheiter og trivsel. Barnehagens pedagogiske tilbod skal romme innhald frå rammeplanens sju/ 7 fagområde.

Vi arbeider systematisk og kontinuerleg med alle rammeplanens fagområde. Læringsverkstedet har valt å tolke og setje rammeplanens sju fag*område* saman til fem fag*tema*. Det bidreg til god organisering og progresjon i vårt pedagogiske arbeid. Kvart fagtema har eit eige ikon som går igjen i materiell som barnehagen brukar i sitt arbeid. Rammeplanens fagområde *Kropp, rørsle, mat og helse* er ein del av sjølve kjerna i vårt pedagogiske konsept og inngår i alle fagtemaa i løpet av veka.

Hjarteprogrammet er utvikla av Læringsverkstedet som eit verkty for barnehagens arbeid med sosial kompetanse innan kategoriane EG, DU og VI. *Hjarteprogrammet* er for oss formålsparagrafen i praksis. Det dekkjer rammeplanens fagområde *Etikk, religion og filosofi*, samt element i rammeplanens fagområde *Nærmiljø og samfunn*, *Kropp, rørsle, mat og helse*. Gjennom *Hjarteprogrammet* vert det danna eit godt grunnlag for livsmeistring og barna rustast for å tole livet.

Språk dekkjer rammeplanens fagområde *Kommunikasjon, språk og tekst* og inneheld alle element som sikrar at barnehagen arbeider med eit godt språkmiljø og språkutvikling for alle barn. Fagtemaet *Språk* inngår som ein naturleg del i alt av barnehagens arbeid og kvardagsaktivitetar.

Matteleik rommar innhaldet i rammeplanens fagområde *Mengd, rom og form*. Barnehagens arbeid med fagtemaet *Matteleik* lar barna leike og erfare matematikk på ein variert måte som gjev ei byrjande matematisk forståing.

Kreativitet famnar barnehagens arbeid med rammeplanens fagområde *Kunst, kultur og kreativitet*. *Kreativitet* et viktig fagtema og inngår i store deler av vårt pedagogiske arbeid med dei andre fagtemaa.

Natur dekkjer rammeplanens fagområdenatur, miljø og teknologi samt *Nærmiljø og samfunn*. Rammeplanens fagområde Kropp, bevegelse, mat og helse er også del av fagtemaet Natur. Barna får erfaringer og opplevelser med ulike sider av fagtemaet.

Barnehagen sitt arbeid med fagområda

Fagtemaet	1-2 år	3-4 år	Skulestartarar
Språk	• Omgrepstrening ved å samtale med barna i alle kvardagssituasjonar (t.d. påkledning, stell og måltid) • Tekstformidling med bilete og konkretar. • Bli kjende med namnet sitt i form av rytme, ordbilete og sin bokstav.	• Barna lagar eigne forteljingar som den vaksne skriv ned. Forteljingane blir seinare lest opp, slik barnet sjølv fortalde det. • Bli kjend med leseretninga ved at ein fører fingeren frå venstre mot høgre når vi les til barnet. • Gjere barna kjende med motsetnader som kort-lang, liten-stor m.m. ved m.a. sanseleikar	• Førskuleklubb med eiga aktivitetsbok retta mot skuleaktivitetar • Bokstavlære ved å gjere barna kjende med bokstavane og namnet sitt i munnleg og skriftleg form. • Tekstformidling ved å presentere ulike tekstformer og stimulere barna sin fantasi, forteljarglede, konsentrasjon og omgrepsforståing.

 Natur	• Gi barna forståing for vêr og ulike årstider ved å lage vêrsirkel og vere mykje ute. • Få kjennskap til dyr og insekt som finnast i nærmiljøet. Spor og sporteikn. • Få kjennskap til natur og nærmiljø ved å gå på tur og bruke songar og regler om natur, vêr og vind.	• Gi barna gode opplevingar med å lage mat ute i naturen. • Bli kjent med nærmiljøet og korleis og kvifor ta vare på naturen. • Få erfaringar ved å eksperimentere med ulike element som vatn, plantar, insekt og mineral	• Vere med på ulike prosjekt som miljøvern, lære om fuglar og andre dyr sitt levesett. • Prosjekt om planting og plantelære. • Få kjennskap til uteleikar som regelleikar/songleikar.
 Hjarte	• Gi barna erfaringar med sosial kompetanse. Trene i alle kvardagssituasjonar. • Fokus på kven er eg, og kven er dei andre. Kven er eg i forhold til kvarandre?	• Samlingsstunder med song, samtale og forteljingar frå Hjarteprogrammet. • Bidra til at barna utviklar god sjølvkjensle og identitet. • Lære barna å fungere ilag med andre	• Gi barna erfaring med å forstå eigne og andre sine kjensler. • Bidra til at barna utvikla reit realistisk sjølvbilete. • Gi barna erfaring med positiv konfliktløysing

	• Bli kjent med omgrepa «runding», «trekant» og «firkant» • Bli kjent med omgrep som har med posisjon og plassering;	• Kjennskap til dei grunnleggande geometriske formene og lære rett namn på dei. • Bruke materiale frå mattepakken.	• Butikkleik der ein får erfaring med kjøp og sal. • Talomgrep og korleis dei ser ut i skriftleg form.

Matte	stor/liten, tjukk/tynn. • Telje frå 1-5 • Bruke materiale frå mattepakken som boka om «ti små larver».	• Gi barna glede over å utforske og leike med tal.	• Erfaringar med posisjon og plassering
 Kreativitet	• Rørslesongar • Grunnleggande fargelære • Bli kjend med ulike materiale som tre, stein, ulike tekstilar, m.m.	• Øve på å vere spontan, tørre å stå fram i gruppa. • Lytte og bli kjend med ulike musikksjangrar, rytmar og rørsler. • Gi barna erfaring med ulike teknikkar, verkty og teknologi for å kunne gi uttrykk for estetiske inntrykk.	• Fargelære, bli kjend med fargesirkelen og blanding av fargar. • Gi barna erfaring med å bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede.
 Leik og rørsle	• Gi barna oppleving av glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar inne og ute, året rundt. • Enkle hinderløyper i gymsalen og ute. • Legge til rette for eit godt leikemiljø både inne og ute. • Stimulere til at parallelleiken går over i rolleleik om meir avansert leik.	• Øve på finmotoriske aktivitetar som klipping, perle og pusle. • Enkle regelleikar og aktivitetar ute og inne. • Få erfaring med eigen kroppsstyrke.	• Avansere til meir utfordrande regelleikar. • Meir spesifikke finmotoriske aktivitetar.

«Eit godt måltid»

Små fingre, stort meisterverk

Rammeplanen sitt fagområde ***Kropp, rørsle, mat og helse*** er ein del av sjølve stammen i vårt pedagogiske konsept og inngår difor som del av innhald og arbeid med alle våre fem fagtema.

Læringsverkstedet sine barnehagar skal vere ein arena der barn får oppleve matglede og matkultur. Vi har i samarbeid med «Ryfylkekokken» Frode Selvaag og Arne Brimi utvikla «Eit godt måltid». Gjennom «Eit godt måltid» har vi også fokus på eit sunt og variert kosthald, norsk kulturtradisjon og ein hyggeleg atmosfære. Barna er aktive deltakarar i heile prosessen med planlegging, tillaging av maten, gjennomføring av sjølve måltidet og opprydding etterpå. Måltidet for oss handlar om meir enn berre å ete. Måltidet er ein arena for fellesskap og samspel, meistring, gode opplevingar og samtalar. Dette er ein del av kvart enkelt barn sin danningsprosess og bidreg til utvikling av barnas sosiale kompetanse.

Bratteberg barnehage satsar på ein vanleg sunn og næringsrik kost. Vi har frukost, lunsj og fruktmåltid. Samt at vi vil lage eit varmt måltid i løpet av veka saman med barna, både ute og inne. Målet med varmt måltid er at barna skal få ein kjensle av eigarskap til maten. Dei får vere med å planlegge, lage til, servere og ete. Minst ein gong i veka vil det vere eit smøremåltid, der barna får vere med å førebu måltidet, smøre det sjølv og rydde opp etter seg sjølve. Det vert og lagt til rette for å lage mat på tur.

Ein vaksen er matansvarleg for heile barnehagen, men har med seg 1-2 medansvarlege. Då er alle gruppene representert i et team som skal leie gjennomføringa. Barnehagen har gjort ein del i høve kva type pålegg og anna mat vi tilbyr – og vi prøvar stadig ut nytt. Vi ynskjer å legge til rette for at barna skal ha eit jamnast mogleg blodsukker gjennom dagen. Dette er med på å auke konsentrasjon og gi dei energi som varer. Når barna er med på å lage til maten deg skal ete, er det kjekkare å smake på nye ting, og legger grunnlag for gode matvanar.

Tilrettelegging

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna. Det er viktig å sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/ eller fysiske tilretteleggingа som er naudsynt for å gje barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilretteleggingа skal vurderast undervegs og justerast i tråd med barnets behov og utvikling. (RP 2017).

I Bratteberg barnehage samarbeider vi tett med naudsynte instansar som t.d. helsestasjon, Barnevern, PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste), BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) m.fl., og arbeider elles med inkludering og tilrettelegging i det almenne tilbodet Om barnehagen ikkje har kompetanse til å dekke barnet sine behov innanfor sin praksis, skal det i samråd med foreldre krevjast ei sakkunning vurdering om behov for spesialpedagogisk hjelp.

Bakgrunnsdokument

Lov og føresegner

- Lov om barnehager (barnehageloven) (2018)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (2017)

Læringsverkstedets dokument

- Verdiplattform
- Vegleiaren «Vår pedagogikk»
- Handlingsplan mot mobbing i barnehagen
- Verksemdsplan

Rettleiar frå Kunnskapsdepartementet

- Fra eldst til yngst - samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole (2008)

Rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet

- Håndtering av kriser og sorg i barnehagen (2016)
- Språk i barnehagen – mye mer enn bare prat (2017)
- Barns trivsel – voksnes ansvar, veileder om forebyggende arbeid mot mobbing i barnehagen (2018)

Lenker til aktuelle heimesider

- Læringsverkstedet
- Regjeringen/Kunnskapsdepartementet/Barnehage
- Utdanningsdirektoratet/Barnehage
- PBL - Private barnehagers landsforbund